

*Orientering om investeringsprosjekt*

---

*Dato:* 18.09.2023*Skriven av:* Øystein Njåstad

---

## Valestrand Busslomme og Parkering

**Framdrift:**

Det meste av sprengingsarbeida vart gjort unna før ferien, også for grøft for ny VA-trase langs fylkesvegen (eige prosjekt på sjølvkost som er teke inn i prosjektet). Mykje av sprengsteinen er mellombels lagra på/ved tilkomstveg til parkeringsplass, den skal seinare nyttast til tilbake-fyll bak nye murar.

Parkeringsplass med tilkomstveg er djupsprengt, maskin held på å snu massane på p-plass og avretta i rett høgd.

Langs fylkesveg er ny grøft etablert for omlegging av eksisterande VA-leidningar. Kummer og røyr er på det nærmeste plassert, tilbakefylling i grøft pågår.

Arbeid med natursteinsmur ved Kiss and Ride i gong, fortsett vidare mot trapp ved busslomme. Arbeid med veg til eigedomar / skulen.

Framdrift omtrent iht plan datert 06.06.2023. Ferdigstilling starten av juli 2024.

**Økonomi:**

Ligg på budsjett pr. no. Nyttar ikkje alle midlane i år, og må flytta noko over til 2024 pga. forseinking i framdrift.

## VA Mjelldalen – Espevoll

**Framdrift:**

Arbeid med grøft over Veset ferdig. Innmark sådd igjen, forutan der ein kjem opp frå Vesetgjelet. Arbeid med høgdebasseng og tilhøyrande utstyr øvst på Veset nærmar seg ferdig. Veg og skråningar nedover mot Espevoll vert ferdigstilt når arbeida med høgdebasseng er ferdig.

Mykje av traseen i Mjelldalen er ferdig. Her gjenstår det nokre netter med arbeid i det trange partiet der husa ligg tett i vegen, nokre kryssingar av veg, ein del arbeid rundt avlaupspumpestasjon, samt ein del avslutningsarbeid. Her blir det tilsaing etc. våren 2024.

Nedanfor Vesetgjelet (Kolabakken) var det to parti der røyr skulle leggast i borehol. Det nedste partiet har gått som planlagt, men då ein skulle bore seg under hovudvegen og kome opp igjen ved sida av vegen (der det står eit ope hol i dag) oppstod et vanskar. Det blei støtt på så dårleg fjell at borehol rasa saman og arbeid måtte innstillast. Etter gjennomgang er det kome fram til at det beste her då vil være å endre på traseen, og gå med vanleg grøft opp til og over vegen i Kolabakken. Det er sendt inn søknad om endra trase til vegeigar VLFK, der vi ventar på handsaming.

Vi håpar på ei avslutning og asfaltetering av alle parti der det er gått inn i vegen mot slutten av oktober.

## Orientering om investeringsprosjekt

### Økonomi:

Ifm. budsjettering var det lagt opp til kontraktssum med entreprenør + 10% tillegg. Vi ser no at når vi går mot slutten av prosjektet at det dverre blir noko overskridningar på budsjett på ca. 8 mill. eks. mva. (ca. 16%). Dette er det ulike årsaker til, og vi set opp nokre hovudlinjer:

1. Det er laga ei kontrakt det det er sett opp postar, antekne mengder, der det er gitt einingsprisar på kvar post. Dette vert oppgjort etter faktiske mengder. Her har vi no motteke ein prognose frå entreprenør der totalpris for utførte mengder ligg nesten **4 mill.** over antekne mengder. I dette ligg det blant anna ei overskridning på trafikkdirigering på nesten 1,5mill (her var det sett opp alt for lita mengd). Andre postar som kan nemnast er mengd er asfalt, inkl. forarbeid, ein gråsteinsmur, sprenging ifm. veg, og transport av massar inn og ut av anleggsområdet.
2. Det var ikkje medteke mengder for sprenging av grøft i prosjektet. Vi fekk ein einingspris ifm. tilbod, men ingen mengde. Her går det ca. 1,5 mill. ekstra.
3. Det har tidlegare vore lagt opp til, etter dialog med vegeigar, at ein kunne stenge vegen i Mjelldalen. Etter at det blei søkt om graveløyve ifm. oppstart av prosjektet fekk vi berre dette godteke på natt. Det medførte at vi må gjere arbeida i det trange partiet mellom husa natt, med stenging mellom 23:40 til 06:00. Då vert det lagt ein kort etappe med rør kvar natt, som må lukkast igjen, grusast og gjerast klar for trafikk til kl. 06:00. Forventa tilleggskost ligg på nærmare 2 mill.
4. Endra trase ifm. kryssing av veg i Kolabakken. Vi har førebels ikkje tal på tilleggskostnaden ved dette, men den vil verta betydeleg. Her ligg det også kostnad ifm. avbrudd på borehol, der det blei ventetid på borerigg og forsøk på å injesere holet med betong for å kunna bora vidare gjennom betong i därleg parti.
5. Elles er det større og mindre tilleggsbestillingar som har vore naudsynte for prosjektet. Her kan nemnast kabelgrøfter, ekstra dreneringstiltak, meirarbeid ifm. eks. jordbruksdrenering, masseskifting i grøft og veg, noko nytt autovern, ein mur langs vegen i Mjelddalen mm.

## Asfaltering Sakslivegen

### Framdrift:

Prosjektet er ferdig, med eit flott sluttresultat.

### Økonomi:

Innanfor budsjett.

## Varmeanlegg Osterøytunet

### Framdrift:

Prosjektet er i arbeid, og i rute. Arbeid med 12 borehol nærmar seg ferdig. Utstyr vert levert i desse dagar, og startar opp med arbeid i teknisk rom og grøfter utvendig. Det er einighet med Opro om at anlegget skal også levera varme til dei. Her held ein på med avtale i desse dagar.

### Økonomi:

Held ramma.